



Tradisjonen tru vert det også i år sykkelrebus, melder uskedalil.no. På den første maidagen stillar idrettslaget med oppgåver, premiar, kaker og kaffi. Møt opp på Heio saman med familie og vener! Det vert fine premiar

Påmelding og start skjer frå klokka 12. og siste frist er 13.30

På Heio blir det seld pølser, brus, kaffi og kaker.

Å delta i rebusen kostar 40 kroner for ein person eller 100 kroner for ein familie.

Idrettslaget kjem med denne appellen: Smør kjeda, pump luft i dekk, sjekk bremsane, ta med pengar og godt humør

Biletet syner familien Arnesen som plar vera trufaste rebusløysarar.

Foto: Ola Matti Mathisen